



Saksframlegg

Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogrammet 2026-2030 og prioritering av spelemiddelsøknadar.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret

Dokument i saka:

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032

Vedlegg

1 Vedtak idrettsrådet, prioritert 2026

Bakgrunn for saka:

Spelemiddelordninga genererer viktige eksterne midlar til anleggsutbygging til idrett og friluftsliv med opp til 50% finansiering. 30% dekking til ordinære anlegg, og 50% dekking til nærmiljøanlegg og andre spesielle tiltak. Ordninga gjer det mogleg for lag og organisasjonar å realisere og byggje anlegg/friluftslivstiltak med eksterne midlar, dugnad og noko eigne midlar. Dei fleste lag ynskjer at kommunen er med og «spleisar», men det er ikkje lenger eit krav at kommunen må vere med på tiltaket. Spelemiddelordninga løyser ut eksterne midlar og mykje frivillig arbeid, og gjer kommunen i stand til å ha oppdaterte idretts- og friluftsanlegg til glede for innbyggjarar og besøkjande i Fyresdal.

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032 blei nyleg revidert, og det er den årlege rulleringa av handlingsprogrammet som skal handsamast no. Handlingsprogrammet er ein del av planen, og den skal rullerast kvart år. Dersom ein skal søkje om spelemidlar til eit anlegg, er det eit krav at anlegget er med i handlingsprogrammet som er ein del av vedteken plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv. I tillegg skal det politisk handsamast ein prioritering av spelemiddelsøknadane som går til fylkeskommunen for 2026

Handlingsprogrammet vart handsama i Fyresdal idrettsråd 09.09.2025. Deira vedtak ligg som vedlegg i saka, det er idrettsrådet sitt framlegg som vert lagt fram og kommentert i saka.

I framlegget frå Idrettsrådet er det sett opp forslag til finansiering fordelt mellom kommunen, spelemiddelordninga og organisasjonen som søker og spelemidlar. Det er viktig å presisere at dersom kommunestyret ikkje ynskjer tiltaket, kan dei stryke alt. Men dersom dei ynskjer tiltaket men ikkje ynskjer å prioritere å vere med på finansiering, kan dei la det stå på

handlingsprogrammet og la det vere opp til organisasjonen å vele om dei ynskjer å søkje utan kommunal finansiering. Prioritering av handlingsprogrammet gjort av kommunestyret sei noko både om kommunen sin prioritering av bruk av investeringsmidlar, men skal og vere eit signal til Telemark fylkeskommunen om kva kommunen ynskjer skal prioriterast fyrst av spelemiddelsøknadane. Alle spelemiddelsøknadar som er formelt i orden i søknadssystemet, får spelemidlar. Pr. i dag er det ikkje etterslep i Telemark. Det er likevel ei ubalanse mellom utlegg for kostnader og når spelemidlane blir betalt ut, og Fyresdal kommune har derfor praksis med å forskottere innvilga spelemiddelsøknadar til laga, for at dei eventuelt skal sleppe å ta opp lån fram til spelemidlar kjem.

I interne rutine for spelemiddelordninga, er det bestemt at dersom eit lag ynskjer ein kommunal finansiering til eit anlegg, må dei be om dette i eigen søknad til kommunen. Søknadsfrist 01.05. kvart år. Dette for å få ein ryddigare prosess rundt dette med kommunale tilskot til idrettsanlegg.

Kommentarar til kvart punkt i handlingsprogrammet fylgjer under. Alle tiltaka her samsvarer med satsingsområde og tiltak i temaplan for kulturbygg idrett og friluftsliv 2025-2032.

Det er år delt inn mellom årets søknadar som skal prioriterast, og perioden 2027-2030 som uprioritert.

Prioriterte spelemidlar 2026:

1.Ljos fotballbane

Fyresdal idrettslag ynskjer å få ljøs på fotballbanen, slik at banen kan nyttast i lenger sesong. Stor kostnad, dei søker spelemidlar og private stiftingar.

Ingen kommunal finansiering, basert på private midlar og spelemidlar

2. Ballbinge på Veum – nærmiljøanlegg

Veum Grendelag ynskjer å etablere ein lågterskel samlingsplass for alle barna. Det har vore eit generasjonsskifte på Veum, og det er eit stort ynskje om ein samlingsplass for barna som veks opp der. Dei ynskjer ein ballbinge med to fotballmål og to landhockeymål plassert i «parken» på Øyane. Ballbingen kan vinterstid gjerast om til skøytebane. Det er mogleg å få inntil kr 400.000,- i spelemidlar til slikt anlegg, dei har fått mykje i private midlar, og jobbar no for å finansiere resten.

Kommunal finansiering kr 300 000,- løyvd i juni 2024.

3. Skytebane Hagedalshavet – ordinært anlegg

Fyresdal jakt- og fiskelag har auka rekruttering. Mykje av denne rekrutteringa er gjort på haglebanen. Dei har i dag ein trapbane (ein leirdueutkastar), og ynskjer å utvide til ein sportingbane som har seks utkastarar. Dette krev grunnarbeid og innkjøp av utstyr, total investering omlag 1.100.000,-.

Kommunal stønad kr 366.000,- innvilga i 2023 budsjettvedtak

4. Padelbane ved Gimle Fyresdal idrettslag - nærmiljøanlegg

Fyresdal idrettslag ynskjer ein sette opp ein padelbane. Padel er ein racketsport, ein blanding av squash og tennis. Banen er ein tredjedel av ein tennisbane i storleik, og kan byggjast på mange måtar. Fin arena for uformell trene- og møteplass. Kostnad ca kr 1.200 000 byggjastart 2026.

Ingen kommunal finansiering, basert på private midlar og spelemidlar.

Uprioritert handlingsprogram 2027-2030:

Ovalbane og ridehall.

Fyresdal kommune ynskjer å bruke Hugljufurs eksisterande areal til etablering av mogleg datasenter, og har i samråd med Hugljufur gjort avtale om nytt areal ved Stakkemyrane til dette.

Det må bli bygd ein ovalbane der, slik at dei kan ta området i bruk. I tillegg har Hugljufur Islandshestforening lenge hatt ynskje om ein ridehall. Kostnadar til tiltaka skal dekkjast av sluttkunde ved evt. etablering av datasenter, men finansiering er enno ikkje formelt vedtatt.

Rullepark - hovudprosjekt

Behovet for eit utvida område til skating med meir har vore ytra ynskje om i mange år, seist gjennom ny plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv. I forstudiet blei det gjennomført medverknadspross og ein såg på finansiering og mogleg gjennomføring. Det er skissert ein mogleg løysing som er kostnadsrekna til 9 millionar med 2 millionar i eigekapital, resten spelemidlar og eksterne midlar. For å få gjennomført prosjektet må ein gjennomføre eit forprosjekt i 2026. Dette kjem eventuelt som eigen sak vinter 2026. Eigar Fyresdal kommune, kostnad Fyresdal kommune 2 mill.

Dagsturhytta:

Telemark fylkeskommune ynskjer Dagsturhytter i heile Telemark, og Fyresdal er godt i gang med planlegging. Sjølv dagsturhytta vil vere finansiert med 1/3 spelemidlar og tilskot frå Telemark fylkeskommune. Litt avhengig av totalt kostnad, vil vår eigedel kunne finansierast med momskompensasjon. Eigar Fyresdal kommune, kostnad Fyresdal kommune 0,-

Dagsturhytte sanitæranlegg

Skal ein ha dagsturhytte må ein ha tilgang på toalett. Dette kan finansierast delvis av spelemidlar og andre eksterne aktørar. Endeleg kostnad og finansiering er ikkje ferdig kostnadsrekna. Eigar Fyresdal kommune, kostnad?

Dagsturhytte adkomst:

Her kan ein få friluftsmidlar tursti, og få spelemidlar på inntil 50% eigedel kan vere momskompensasjon og noko eigekapital. Vi har kome fort kort i prossess til å kunne sei noko om kostnadsbilete her. Eigar Fyresdal kommune, kostnad?.

Fyresdal friluftsbad:

Fyresdal kommune jobbar no med eit forprosjekt på eit Friluftsbad, lokalisering i nærleik til Hamaren aktivitetspark. Anlegget skal gje rom for heilårleg bading, badstove, kano/kajakk aktivitet, fiske og anna vassaktivitet. Grovt kostnadsrekna til 10 millionar, med stor grad ekstern finansiering. Eigar Fyresdal kommune, kostnad Fyresdal kommune kr 1 200 000.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035 strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige.

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod:

- Støtte opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod.
- Legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, og som gjev til bod til fleire generasjonar samtidig.
- Jobbe for ei meningsfull fritid for alle

Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler:

- Legge til rette for møteplassar
- Stimulere til frivillig arbeid

Handlingsprogrammet ligg som vedlegg til saka og er handsama av idrettsrådet, som er fagleg organ for idrettslaga i Fyresdal. Deira prioriteringar bør vektleggjast når kommunen skal prioritere handlingsprogrammet.

Det er årets spelemidlar som skal prioriterast, det skal skiljast mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg i prioriteringa. Under kjem idrettsrådet sin prioritering:

Ordinære anlegg søknadar for 2026:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Ljos fotballbane	1400	0	468	933
2	Skytebane	1100	366 Løyvd 23	366	366
3	Padelbane	1200	0	400	800

Nærmiljøanlegg:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Ballbinge	1200	300 Løyvd 24	400	500

Upprioritert handlingsprogram for perioden 2027-2030:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
	Ovalbane	2100	0	700	1400
	Ridehall	20000	0	3300	16700
	Rullepark	9000	2000	4000	3000
	Dagsturhytte	1000	167 (mva komp)	333	500
	Dagsturhytte Toalett	?	?	?	?
	Dagsturhytte Atkomst	?	?	?	?
	Fyresdal Friluftsbad	10000	1200	2000	6800

Konklusjon:

Handlingsprogrammet er handsama av idrettsrådet, som er fagleg organ for idrettslaga i Fyresdal. Deira prioriteringar bør vektleggjast når kommunen skal prioritere handlingsprogrammet, det same gjeld prioritering av årets spelemiddelsøknadar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2026-2030, blir vedtatt med eventuelle endringar i rekkefylgje og finansiering.

Årets spelemiddelsøknadar blir prioritert slik:

Ordinære anlegg:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Ljos fotballbane	1400	0	468	933
2	Skytebane	1100	366	366	366

			Løyvd 23		
3	Padelbane	1200	0	400	800

Nærmiljøanlegg:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
1	Ballbinge	1200	300 Løyvd 24	400	500

Uprioritert handlingsprogram for perioden 2027-2030:

Prioritering	Anlegg	Kostnad	Kommunale midlar	Spelemidlar	Private midlar
	Ovalbane	2100	0	700	1400
	Ridehall	20000	0	3300	16700
	Rullepark	9000	2000	4000	3000
	Dagsturhytte	1000	167 (mva komp)	333	500
	Dagsturhytte Toalett	?	?	?	?
	Dagsturhytte Atkomst	?	?	?	?
	Fyresdal Friluftsbad	10000	1200	2000	6800

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur